

Dispensasjon på Musland?

24.06.2009



Det er i området til høgre for vegen Myklebust Maskinstasjon ønsker frådeling av fire mål til næringsføremål. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det ligg no an til ein ny konfrontasjon mellom kommunen og fylkesmannen om ei sak på Musland.

Sjølv om fylkesmannen er i mot, gjekk forvaltningskomiteen onsdag samrøystes (som rådmannen) inn for dispensasjon og frådeling av fire mål til bruk for Sverre Myklebust Maskinstasjon.

Ingen hadde ordet i saka.

Administrasjonen meiner at samfunnsinteresser av stor vekt taler for deling og held fram at avkastinga på bruket ikkje blir vesentleg svekka. Delinga vil ikkje føre til drifts- og miljøulemper, blir det streka under i saksutgreiinga. Arealet har vore nytta som lagerplass i dei rundt 30 åra som denne maskinstasjonen har eksistert.

Fylkesmannen (miljøvernnavdelinga) er kritisk til frådeling til næring i eit LNF-område og meiner at saka er så omfattande at det utløyser reguleringsplikt. Til det siste har administrasjonen den merknad at utarbeiding av reguleringsplan ikkje kan vera tenleg sidan arealet har vore nytta til føremålet i lang tid.

Den førre Musland-saka som førte til konfrontasjon mellom kommunen og fylkesmannen handla om omdisponering av tomt til ein kårbustad i området. Her la fylkesmannen til slutt inn årene og bustaden er snart fullført.

Av Ola Matti Mathisen